




Bridgen startar igjen måndag 22. august!

Hei!

Sommaren er på hell og det begynner å bli på tide på tenkja på meir haustlege aktivitetar. Mange har sikkert spelt bridge gjennom heile sommaren, medan andre ikkje har tatt i eit kort etter at klubbspelinga tok pause i slutten av mai. No startar vi opp igjen. Første spelekveld denne sesongen blir **måndag 22. august**, og vi speler som vanleg i Os Eldresenter. **Spelestart klokka 18.30.**

«Finn makker»

Vi ordnar alltid med makker før spelestart på spelekveldane, men om du manglar makker og vil ha ein avtale "i boks" tidlegare kan du gjerne prøva den nye nettsida som kom i vår «Finn makker». Ein må registrera seg før ein logger inn for første gong. Deretter er det bare å legga inn dato ein mangler makker og venta på svar (svar kjem på sms). Link til «Finn makker» ligg på nettsida vår. Elles kan sjølvsgagt Facebookgruppa vår brukast til å gjera avtalar.



Nytt styre

På årsmøtet i mai blei Anders Johansson valt til ny leiar for klubben. Styret består elles av Linda Rasmussen, Wenche Nyborg, Leif Juvik og Reidar Dale. Ta gjerne kontakt med ein av oss om du har noko på hjarta. Anders har telefon **483 44 534**.

Vi har plass til fleire

Kjenner du nokon som speler bridge eller ynskjer å læra spelet? Ta dei gjerne med ein måndagskveld, enten dei ynskjer å spela eller berre sjå kva vi held på med. Vi reknar med å få i gang kurs for nybyrjarar i løpet av hausten.

Terminliste 2016/2017

NBF Hordaland si terminliste ligg no på www.nbfhordaland.org. Sjå gjerne innom her om det er noko som er av interesse. Blant anna startar BM-lag 15. september, påmeldingsfrist NM klubbar er 1. oktober, 4. divisjon går 4. - 6. november + 4. - 5. februar, og vår eiga juleturnering måndag 26. desember (2. juledag) i Nore Neset Aktivitetshus. NB! Merk stad!

Vel møtt til bridgestart måndag 22. august klokka 18.30!



Vil du støtte oss med din grasrotandel?

OS BRIDGEKLUBB

Org.nr: 995591359



32774995591359



NORSKTIPPING